



## Møtebok Fjordvegen Rute 13

### Styremøte 04.11.2020, kl 12.00-15.00 Stad: Videomøte

**Deltakarar:** Gerd Helen Bø, Irene Heng Lauvsnes, Roald Aga Haug, Morten Midlang, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal, Edmund H Utne

**Sekretariatet:** Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø

**Forfall:** Sigbjørn Hauge

**SVV:** Nils Magne Slinde orienterte og svarte på spørsmål.

**Nye Veier:** Finn Aasmund Hobbesland orienterte og svarte på spørsmål.

**Sak 23/20**     **Meldingar**  
Ingen meldingar framlagde.

**Sak 24/20**     **NTP 2022-2033**

- Orientering om prioriteringar/rapportar til Samferdselsdepartementet frå:

- Statens vegvesen v/Nils Magne Slinde
- Nye Veier AS v/ Finn Aasmund Hobbesland

Begge orienterte om rapportar oversendt til Samf.dep. og svarte i etterkant på spørsmål frå styret.

Drøfting av korleis Fjordvegen Rute 13 planleggjar påverknadsarbeid mot Samferdselsdepartementet

Fjordvegen legg opp til slike tiltak for påverknad mot Samferdselsdep. og Stortinget:

Fjordvegen sender uttale vedr. prioriteringar ift. innspela frå SVV og Nye Veier.

Undersøkja om Rv13 er godt egna som prosjekt for Nye Veier.

Administrasjonen utarbeider utkast til uttale.

Viktig å støtta opp om prioritering av rassikringsmidlar i NTP.

Invitera til nettmøter med medlemmer Transport- og kommunikasjonskomiteen.

**Sak 25/20**     **Hanne Sundbø/Jostein Eitrheim informerer**

- Oppfølging av strategi- og handlingsplan
  - Hanne orienterte om oppfølging med særleg vekt på aktivitet på facebook, nettside og Fjordvegdrøsen.
  - Informasjon til medlemskommunar (kommunestyra): Tilbod om dette står ved lag. Møte i 2020 til no med Vik, Sogndal, Sauda, Strand, Hjelmeland (4.11.) i tillegg til fylkeskommunane.
  - Reiserute-utvikling: Fleire møte om utvikling av produktet Pilegrimsrute langs heile Rv 13

- Årskonferansen 2021
  - Styret tilrår at vi avventar utvikling av smittesituasjonen før det vert teke avgjerd om å starta førebuing av Årskonferanse 2021. Ny vurdering vert gjort i første styremøte i 2021.
  
- Nasjonal rassikringsgruppe (NRSG)
  - Fjordvegen er invitert til å delta på frukostmøte i regi av NRSG. Dette møtet skal vera 16. november hos KS Agenda i Oslo. Om dette vert fysisk møte vil Fjordvegen delta her.
- Møter med andre vegselskap
  - Samarbeid/dialog med Haukelivegen AS er styrka etter at Pål Kårbø starta som dagleg leiar. Dette er positivt ! Vi vil ta kontakt med andre nærliggjande vegselskap for auka kontakt/dialog.

**Sak 26/20**

**Fast Post:**

Gjennomgang av status for Rv13:

Sogndal - Vik - Voss

Sogndal ser austover

Hella og Vangsnes er under arbeid

Goteviktunnelen er fortsatt ikkje opna. Ingen dato for opning

Små endringar gjennom Vik sentrum

Svært dårleg veg frå Hola til Myrkdalen

Ullensvang:

Kinsarvik - Bu kontakt med samf.ministeren håp om løyvingar i budsjett 2021

Gode argument for prosjekta i våre område

Ønskjer å utfordra Nasjonal rassikringsgruppe til å koma meir "på banen"

Fjordvegen bør drøfta å bringa inn bompengar i debatten om løyvingar til

Rv13.

Suldal:

Rødsliane: Rassikring med nett

Hjelmeland og Nesvik utbetring av ferjekaiar

Strand:

Ryfast er fortsatt bompengefri.

Spyling av tunnel skapar køar

NTP: Strand heier på kommunane lenger nord.

Eindel "snarveggar" med dårleg standard har stor gjennomkøyring

**Sak 27/20**

**Innmeldte saker/Ymse**

Kinsarvik, 04.11.2020

Jostein Eitrheim  
referent